



Tor Vidar Sæle og Magne Grindheim viser korleis Uskedalshuset blir til! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**AFA lagar no Uskedalshuset for sal til heile landet! Huset er eit overbygg til utedelen av varmepumpa og salet skjer gjennom firmaet Stavanger Elektro, som også kom med ideen og som har eit nesten eventyrlig sal av varmepumper for tida. Og då følgjer Uskedalshuset med.....**

Ikkje overraskande er det ein patriotisk og entusiastisk uskedeling som står bak prosjektet:

- Ideen kom frå Rune Nilsen i Stavanger.Elektro. Han hadde teikna ein prototype og spurde i fjor haust om vi kunne produsera han. Det kunne vi. Vi laga eit prøvehus. Det vart godteke og så langt har vi laga rundt 200 eksemplar, fortel AFA-leiar Tor Vidar Sæle.

- Oppdraget er midt i blinken for AFA, som akkurat no lagar 20 Uskedalshus i veka med tre mann på jobben. En kappar, ein pussar og ein skruvar. Husa vert sende som "flatpakkar" til oppdragsgjevaren. Ved å setta på ein mann til kan produksjonen lett aukast til 25-30 i veka og då kjem årsproduksjonen fort opp i 1.000-1.200 i året, fortel Sæle.

Likevel vil det ikkje monna, for Rune Nilsen antar at dei kunne selja 2.000 hus dette året!

- Varmepumpemarknaden har teke heilt av, seier Nilsen til uskedalen.no. Han fortel at huset i utgangspunktet vart kalla Kvinnheradhus.

– Men eg fann ut at dette var eit passende høve til å slå eit ekstra slag for Uskedalen, seier Rune, og viser til firmaet si heimeside som fortel meir om produktet.

Der står det til dømes å lesa at dette er eit impregnert hus som skjuler godt og som gjev utedelen ly mot ver og vind.

Samtidig gjev huset enkel tilgang for serviceteknikaren. Men ikkje minst viktig er opplysningen om at huset kan målast og dermed stå i stil med det større huset.....

Huset blir naturleg nok laga av impregnert virke og Sæle strekar under at det blir kjøpt inn frå Uskedal Trelastlager.

– Når vi har gode leverandørar i bygda prioriterar vi dei, seier han.

Av Ola Matti Mathisen